

## **Hordaland skikrets (HSK)**

<b>1. INNLEIING</b>	<b>1</b>
<b>2. ALPINT</b>	<b>3</b>
<b>3. FREESTYLE</b>	<b>4</b>
<b>4. HOPP</b>	<b>5</b>
<b>5. KOMBINERT</b>	<b>6</b>
<b>6. LANGRENN</b>	<b>6</b>
<b>7. SKILEIK</b>	<b>7</b>
<b>8. SNOWBOARD</b>	<b>8</b>
<b>9. TELEMAR</b>	<b>8</b>
<b>10. PRODUKSJON OG PREPARERING AV SNØ</b>	<b>8</b>

**FOR ANLEGGsutVALET**

**STEIN WÆHLE  
-LEIAR-**

**VOSS 14.02.2003**

# 1. INNLEIING HSK

Skisporten i Hordaland har lang tradisjon der dei eldste laga har vore organisert i meir enn 100 år. Anleggsbygginga i skikretsen har tradisjonelt vore konsentrert om hoppbakkar medan langrenn fann sine løyper i opent lende utan terrengmessig tilrettelegging.

Bavallsbakken, bygt i -54 var i si tid ein av Noregs fyrste og største bakkar med hopplengder over 100 m.

Alpint hadde også sitt opphav på Voss i slutten av 1930-åra og der eit av landets fyrste skitrekk vart bygt i Bavallen i 1947. Voss var soleis reservestad for Olympiske leikar i alpine disiplinær i -52 for Oslo/Norefjell.

Tilrettelegging av skianlegg låg lenge i ”dvale” men fekk så større merksemd etter at Noregs Skiforbund sette i gang kursing og utdanning av **anleggsrådgjevarar** for alle landet sine skikretsar og der laga vart gjort betre kjende med at statlege tippemidlar kunna vere med på å finansiere utbyggingskostnadane med skianlegg.

I ein periode frå ca 1975 og fram til dags dato har det vorte utført mykje arbeide av mange lag i Hordaland med tilrettelegging av lysløyper for langrenn og mindre alpinanlegg med tilhøyrande fasilitetar medan tal hoppbakkar har vorte redusert. Samtidig har trendane for ski-aktivitet vore i endring med nye aktivitetsformer som telemark, freestyle og snøbrett og der skiskyting har supplert utviklinga innan langrenn med friteknikken.

Krava til anleggsutforminga har også endra seg over tid og der det Internasjonale Skiforbundet FIS- fastset div. tekniske spesifikasjonar til dei ulike typar disiplinær og anlegg.

Klima og vêrlag spelar ein vesentleg rolle for utvikling av all idrett og serleg har skiidretten vore avhenging av kuldegrader og natursnø. Etter kvart som klimaet har endra seg i negativ retning i høve snø og kuldegrader, har skiidretten måtte finne fram til ”substituttar” for å utøve skisport. Vi nemner her plast og porselensspor for hoppbakkar, kjøleanlegg, porselensspor og rullski med asfaltunderlag for langrenn, plastmatter, grass-ski og vasski for alpint. Innandørs skihallar med kunstsnø/is er under utvikling i utlandet. Utstyr for produksjon av kunstsnø har hatt ei stor utvikling for all skiaktivitet samtidig som maskinelt utstyr er vorte eit ”must” for preparering og vedlikehald av skianlegg.

I Hordaland er det pr. dags dato produksjonsanlegg for snø i 3 anlegg, Bavallen alpint og Bømoen lysløype for langrenn, (begge anlegga på Voss) og påbegynt anlegg i Eikedalen skisenter på Kvamskogen (alpint) Ved å utnytte den årlege kuldeperioden i nov/des har det vist seg å vere suksess med produksjon av kunstsnø i desse anlegga. NSF har gjeve økonomisk støtte til anlegget på Bømoen.

For å utvide skisesongen og treningsperiodane er det også tilrettelagt for sommarskiaktivitetar på nokre av snøbreane i ulike deler av landet og eit av desse er Folgefonna Sommarskisenter i Jondal i Hardanger.

## **For Hordaland skikrets kan ein i nokre punkt skissere desse problemstillingane:**

- store klimavariasjonar og ustadige snøtilhøve i heile fylket.
- mangel på økonomiske støtteordningar til å byggje produksjonsanlegg for snø.
- kostbart maskinelt utstyr til drift og vedlikehald av skianlegg.
- mangel på off. støtte til drift/vedlikehald av alle typar skianlegg.

- aukande behov for sikringsmateriell/utstyr til arrangement i anlegga.

### **Fylkesanlegg:**

Hordaland Fylke har etter instilling frå Hordaland skikrets utpeika desse fylkesanlegga for skidisiplinar:

**-Alpint:** Bavallen/Lønahorgløypa på Voss for slalåm, storslalåm, utfor og Super G med internasjonal FIS-homologering i alle disiplinar.

**-Hopp:** Bavallsbakken K-90 på Voss. Bakken må justere profilen og foreta sikringsmessige tiltak etter siste FIS-norma for å verte homologert.

**-Free-style:** Kulebakke i Bavallen, Voss og ”hoppbakke” på Slettafjellet på Voss. Begge anlegga er godkjent for Worldcup konkurransar

**-Langrenn/skiskyting:** Nytt anlegg i Skutle/Herresåsen på Voss er under planlegging/regulering.

### **Regionanlegg(Landsdelsanlegg)**

Bavallen/Lønahorgløypene på Voss peikar seg ut som **alpint** landsdelsanlegg

Kulekøyringsbakken i Bavallen på Voss bør verte landsdelsanlegg for

#### **Freestyle**

Når det nye fylkesanlegget for langrenn/skiskyting er utbygt vil dette anlegget med ein rehabilitert

Bavallsbakke K-90 til saman fungere som landsdelsanlegg for **nordiske disiplinar for Vestlandet.**

Folgefonna Sommarskisenter bør ha status som nasjonalt treningscenter for alle skidisiplinar

### **Målsetjing for Hordaland**

#### **skikrets:**

For å betre tilhøva for skisporten i Hordaland og med det stimulere til auka aktivitet i anlegga vil vi prioritere slike tiltak:

- Stimulere rådgeving til lag som ynskjer å bygge nærmiljøanlegg her under skileikanlegg.
- Stimulere lag og anleggseigarar til å rehabilitere eller bygge nye snøsikre anlegg.
- Støtte opp om aktivitetar og arrangement i fylkesanlegga
- Gjennom idrettens organ arbeide for auka off. støtte til snøproduksjonsanlegg og maskinelt utstyr
- Arbeide for å auka sikkerheita i skianlegg, her under off. støtte til utstyr/materiell.

**Påfølgande oppsett for dei forskjellige greiner viser Dagens situasjon – Behov og Plan.**

**For klassifisering over dei enkelte anlegga i krinsen så vert det vist til Nivå 1 oppsettet der løyper/bakker osv. er klassifisert som fylgjande:**

**KL.1 – FIS godkjent**

**KL.2 – Anlegg for nasjonale konkurransar**

**KL.3 – Anlegg for kretskonkurransar.**

**KL.4 – Anlegg der det ikkje vert arrangert krinsrenn**

## 2. ALPINT

### Dagens situasjon:

Av i alt 35 kommunar i Hordaland fins det ca 17 stk. alpinanlegg av ulik storleik i 10 av desse.

I samband med registreringa til Nivå 2 har vi fått tilbakemelding frå 50 % av anlegga. Desse kommunane har det til felles at dei ligg langs kyststripa av Vestlandet og har eit varierende klima der innlandskommunane er noko betre situerte ein kystkommunane med omsyn til kulde og snø.

Klima er likevel det største hinder for at det kan utviklast fleire alpinanlegg av større målestokk i Hordaland. Dessutan er folkesetnaden i innlandskommunane slik at det ikkje er grunnlag for større utbyggingar. Det kan likevel verte unnatak for ei utbygging innan reiseliv i kombinasjon med

hyttebygging enkelte stader, for eksempel i Voss, Odda og Kvamskogen området.

Dei 3 største alpinanlegga i

Hordaland er:

- Bavallen/Lønahorgi på Voss
- Eikedalen skisenter på Kvamskogen
- Røldal skisenter i Odda

Bavallen/Lønahorgi på Voss er utpeika som alpint fylkesanlegg for alle alpine disiplinar og har FIS-homologert løyper der det er arrangert både World Cup og VM jr. og mange NM-konkurransar. Anlegget har produksjonsanlegg for snø i slalåm/storslalåmbakken og har godt lysanlegg og elles alle fasilitetar som trengs i eit fylkesanlegg.

Eikedalen og Odda har bakkar for slalåm/storslalom, klassifisert for nasjonale konkurransar.

Dei andre anlegga i Hordaland, klassifisert som 3 og 4, er mindre anlegg og fungerer som nærmiljøanlegg for busetnaden i nærområdet.

Eit nytt anlegg er under utbygging i Myrkdalen, Voss med skitrekklengd på ca 1400 m. og har potensiale for internasjonal slalåm/storslalåmbakke og ligg i eit utbyggingsområde for ca 350 hytter og kan forutan Voss/Bergen trekke til seg brukarar i indre deler av Sogn & Fjordane. Folgefonna Sommarskisenter i Jondal i Hardanger må nemnast særskild som eit relativt nytt anlegg som fungerer som treningssenter og konkurranseanlegg for alpint, free-style, telemark og snøbrett forutan moglegheiter for langrenn på toppen av Folgefonna. Dette anlegget vert nytta av div. nasjonale landslag i treningssamanheng då snøkvalitet og tilrettelegging held god standard.

### Behov:

Med unnatak av alpinanlegget til Røldal skisenter i Odda treng dei andre anlegga å sikre drifta ved hjelp av produksjonsanlegg for snø eller vurdere å flytte anlegga opp til "nedre snøgrense" ca 500 m.o.h. Då kostnadane med dette vert for store for laga åleine må rammevilkåra betrast gjennom off. støtte og med hjelp av spelemidlar. Maskinelt utstyr er også "eit must" for å legge til rette bakkar med homogen snøkvalitet som dermed sikrar lengre og meir stabil drift av anlegga. Skal alpinidretten konkurrere om nye rekruttar og gje

aktivitetstilbud til born og ungdom, må rammevilkåra for krinsar og lag betrast til fordel for vinteridrettane.

På grunn av snøfattige vintrar er snøproduksjon- og prepareringsutstyr i bakkane viktig. Dette vil utvide sesongen mykje, samt auke rekrutteringa i heile skikretsen.

#### **Plan:**

- Stimulere laga til å bygge nærmiljøanlegg/skileikanlegg der tilhøva er tilstades.
- Støtte opp om vidare utvikling av det alpine fylkesanlegget i Bavallen/Lønahorgi på Voss.
- Arbeide for at Folgefonna Sommarskisenter får nasjonal status som treningscenter
- Arbeide for å betre rammevilkåra for alpinanlegg generelt, her under off. støtte og spelemidlar til produksjon av snø og maskinelt utstyr.
- Arbeide for auka tryggleik i alpinanlegga, her under støtte av spelemidlane til utstyr og materiell

### **3. FREESTYLE**

#### **Dagens situasjon:**

Hordaland skikrets har 2 FIS arenaer for freestyle. Voss FSK har FIS-godkjent hoppbakke for freestyle og bakke for kulekøyning, dei har også half pipe til nasjonalt nivå og kan legge til rette for snø til skicross, slopestyle og big jump. FIS bakkene på Voss har status som fylkesanlegg og klubben har søknad inne i år for rehabilitering av kulebakken. Det vert arrangert WC i kulekøyning denne sesongen. Bakken har ikkje lysanlegg, snøproduksjon- eller spesialprepareringsutstyr.

Eikedalen skisenter har FIS godkjent kulebakke, half pipe til krets nivå og kan leggje til rette for snø til skicross, slopestyle og big jump. Bergen FK eig ei mål/dommar bod ved kulebakken. Bakken har ikkje lys og produksjonsutstyr for snø.

Mest alle kommersielle ski anlegg i kretsen kan leggje til rette for snø til freestyle og snowboard aktivitet på krets nivå.

Kretsen har to nærmiljøanlegg/multianlegg for freestyle og snowboard aktivitet. Voss FSK har med støtte frå Voss Fjellheisar bygd 1 trinn av anlegget som inneheld half-pipe m/lys, spine og små bigjump.

Bergsdalen IL/UL har bygd nærmiljøanlegg/multianlegg for freestyle og snowboard aktivitet. Anlegget inneheld half pipe, big jump, Q-pipe og andre skileik element. Anlegget har lys og ei eldre løypemaskin.

#### **Behov:**

Det er et mål for H. S. K å få lag/klubber til å inngå samarbeid/avtale med eigarane av alpinanlegg om å leggje til rette for anlegg for freestyle og snowboard aktivitet.

Terrengparkar og mindre kulebakker er et behov og vil auke gleda og det grunnleggande ferdigheitsnivået radikalt for all alpinsport i kretsen. Freestyle og snowboard miljøa må stå saman for å leggje til rette tidsriktige anlegg for aktivitet.

På grunn av snøfattige vintrar er produksjons- og prepareringsutstyr i bakkane viktig. Dette vil utvide sesongen mykje, samt auke rekrutteringa i heile skikretsen.

#### **Plan:**

Voss Freestyle Klubb sitt freestyle- og snowboardanlegg i Bavallen oppgraderast til et Landsdelsanlegg for freestyle og snowboard slik at anlegget kan brukast til trening samt WC og andre internasjonale konkurransar i greinene kulekjøring, half pipe, hopp/big jump, cross og slopestyle.

Produksjonsutstyr for snø i kulebakken er 1. prioritet.

Freestyle miljøa i Bergen inngår samarbeidsavtale med Eikedalen for kulebakken og ein terrengpark, produksjonsutstyr for snø i kulebakken er 1 prioritet.

Røldal ynskjer å satse på cross og frikjøring aktivitetar på krets-FIS plan..

2-3 FIS anlegg dekker godt behova i H. S. K.

Kretsen vil motivere for bygging av tidsriktige nærmiljøanlegg / multianlegg tilrettelagt for freestyle og snowboard aktivitet. Disse anleggene dekker behovet for trening og konkurranse på kretsplan

## **4. HOPP**

### **Dagens situasjon:**

Oversikten etter registreringa viser at det berre er på Voss det er hoppanlegg som er i bruk.

Ulvik har bakke som er snøsikker, men har ikkje hoppmiljø.

Øystese har eit flott hoppanlegg men har på grunn av snøfattige vintre avlyst terminfesta renn 3 år på rad, det er for tida heller ikkje aktiv hoppgruppe der.

Elles i fylket er dei bakkane som har vore i bruk tidlegare nedlagde eller står til forfall.

På Voss er det Bavallen K 90 der det vert arrangert årlige NC renn og som i næraste år skal byggast om til ny norm.

Bavallen har også dei siste åra hatt lite snø tidleg på vinteren.

IL Eldar har Framnesbakken K 25 og K 52 som begge har plast og Nyestølen K 60 som ligg på ein snøsikker plass.

IL Vargar har Tillungsbakkane med K 18 og K40, der er det og normalt bra med snø, men tidleg på sesongen kunne det vert ønskeleg med produksjonsutstyr for snø for å koma tidlegare i gang med hoppinga.

Bulken IL har Tunåsbakkane med K 40 og K 67, der er det og problem med at det ikkje er snø tidleg på sesongen.

### **Behov:**

Det er eit stort behov for betre prepareringsutstyr i alle bakkane i krinsen, det går på vinsj, trommel og slodd i unnarenn, sporsettarutstyr er det og eit stort ynskje og behov for.

Det bør og vera skitrekke i bakker som er større enn K 30 for å få best utbytte av treningane.

På grunn av snøfattige vintrar er snøproduksjons- og prepareringsutstyr i bakkane viktig.

Dette vil utvide sesongen mykje, samt auke rekrutteringa i heile skikretsen.

### **Plan:**

Bavallsbakken skal byggast om til ny norm i næraste år.

Tunåsbakken K 40 skal justere hopp og tilløp.

Tunåsbakken K 67 skal utvide skjering i overgang til sletta.

Nyestølsbakken må utbetre rekkverk i stillas.

## **PLASTBAKKAR:**

### **Dagens situasjon:**

Har Framnesbakkane K 25 og K 52

### **Behovet:**

For å rekruttere fleire hoppaparar kunne eit multi plastbakkeanlegg i Bergen vera eit godt tiltak.

## **5. KOMBINERT**

### **Dagens situasjon:**

Har i dag ikkje løyper som er godkjende for å arrangere større renn som til dømes; NM, NC m.m.

Godt dekkja for krinsrenn der det er bakker som er i bruk.( **sjå melding under Hopp**)

### **Behov:**

Langrennsløyper slik at me kan arrangere større renn av nasjonal karakter.

### **Plan:**

Det er under planlegging eit nytt langrenn og skiskyttaranlegg i Skutle/Herresåsen, med nasjonal og internasjonal standard.

## **6. LANGRENN**

### **Dagens situasjon:**

I Hordaland er det ca 40 lysløyper i ulike storleikar med dertil ulik kvalitet. Anleggseigarar rundt om i kretsen har og ulike ambisjonar om kva dei brukar anlegga til og kva planar dei eventuelt har.

Klima er likevel det største hinder for stabilitet og utvikling i mange langrennsanlegg i dag.

Det er og ein del anlegg som ligg slik til at grunnlaget er for lite med omsyn til befolkning / brukarar til å satsa på vidare utbygging.

### **Stikkord om anleggstypar i kretsen:**

**Kl.4** -Nærmiljøanlegg (berre løype)

**Kl 4** -Nærmiljøanlegg (barakke, med fasilitetar til å arrangere renn, berre klubbrenn)

**Kl 3** -Kommuneanlegg (berre løype og 1barakke)

**Kl 3** -Kommuneanlegg (sekreteriatbygg m.m. og andre fasilitetar)

**Kl 2** -Ikkje anlegg for nasjonale renn pr. dags dato.

**Kl 1** -FIS godkjent er då det samme - ingen anlegg

Men Hordaland har i dag mange særdeles flotte anlegg i **Kl 3**.

I langrenn er det "4" tyngdepunkt (regionalt) der aktiviteten er størst, og flest renn vert arrangert.

-Voss	13 anlegg
-Kvam (Samnanger)	5 anlegg
-Odda (Kvinnherad)	11 anlegg
-Bergen	9 anlegg

Langrennssporten står sterkt i Hordaland i dag med den breie og gode inndelinga. **Sommarskisenter** er det på Folgefonna, anlegget vert jamleg nytta av både norske og utanlandske landslag og snøkvaliteten og tilrettelegginga for dei aktive held god standard.

**Behov:**

- Anlegga i Hordaland er påverka av klima som vekslar ofte mellom snø/kulde og regn/mildvær..
- Bygging av produksjonsanlegg for snø har vist seg å vera vellukka når ein nyttar kuldeperioden i nov/des.
- Dei fleste anlegga har ikkje driftsøkonomi til å bygge ut snøproduksjon utan økonomisk støtte.
- Prepareringsmaskiner og anna maskinelt utstyr er og kostbare investeringar

Viktig presisering

På grunn av snøfattige vintrar er produksjons- og prepareringsutstyr i bakkene viktig. Dette vil utvide sesongen mykje, samt auke rekrutteringa i heile skikretsen.

**Plan:**

**Fylkesanlegg** er no under planlegging i Voss kommune, kalla **Voss ski- og Tursenter**. Det skal bli eit topp moderne anlegg for langrenn og skiskyting, som held FIS standard. Går det som planlagt kan rydding av løypetrasé starta opp hausten 2003

**Vidare plan:**

- Vera ein aktiv støttespelar i arbeidet med nytt fylkesanlegg.
- Vera aktiv med omsyn til nærmiljøanlegg / skileik
- Samla fleire aktivitetar (hopp, slalåm, m.m) i eksisterande og nye anlegg, og dermed auka tal brukstimar i anlegga.

**Rulleskiløyper.**

**Dagens situasjon:**

Det er i dag ingen direkte utbygde anlegg for rulleskitrening.

Det som vert nytta i dag er gang og sykkelvegar, gamle ”nedlagte” riksvegar og nedlagte jernbanetrasear som er bygd om til gang og sykkelveg.

**Behov:**

Ikkje direkte behov, men bør gå i saman med skiskyting og sjå behovet den vegen.

**Plan:**

Planleggja og byggja minst 1 anlegg i denne perioden

## 7. SKILEIK

**Dagens situasjon:**

Kretsen har 2 registrerte skileikanlegg, 1 ved Bavallen hoppbakke, og 1 ved Bømoløypa på Palmafossen.

Kretsen har to nærmiljøanlegg/multianlegg for freestyle og snowboard aktivitet.

Voss FK har med støtte frå Voss Fjellheisar bygd 1 trinn av anlegget som inneheld half pipe m/lys, spine hopp og små big jump.

Bergsdalen IL/UL har bygd nærmiljøanlegg/multianlegg for freestyle og snowboard aktivitet.

Anlegget inneheld half pipe, big jump, Q-pipe og andre skileik element. Anlegget har lys og ei eldre løypemaskin.

### **Behov:**

Kretsen vil motivere for bygging av tidsriktige skileikanlegg tilrettelagt for all ski aktivitet.

På grunn av snøfattige vintrar er produksjons- og prepareringsutstyr i bakkane viktig.

### **Plan:**

Kretsen vil motivere for bygging av tidsriktige skileikanlegg tilrettelagt for all ski aktivitet.

Disse anleggene dekker behovet for trening og konkurranse på kretsplan.

På grunn av snøfattige vintrar er produksjons- og prepareringsutstyr i bakkene viktig.

Dette vil utvide sesongen mykje, samt auke rekrutteringa i heile skikretsen.

## **8. SNOWBOARD**

Sjå freestyle!!

## **9. TELEMARSK**

Telemark- sporten vil i mange år finna sin akitivitetsplass i dei eksisterande alpinanlegga.

I Hordaland kan vi peike på desse anlegga som har gode tilhøve for denne greina:

- Voss med Bavallen/Lønahorgi og det nye anlegget i Myrkdalen.
- Eikedalen på Kvamskogen
- Røldal skisenter Odda
- Finse skisenter på Finse
- Sysendalen skisenter på Maurset i Eidfjord
- Folgefonna sommarskisenter i Jondal
- Kvam skiheisar i Furudalen, Kvamskogen

Telemark har behov for dei same nedfartstraseane som alpinanlegga men kan dessutan nytte uppreparerte løyper som "off piste" i laussnø og uppreparert terreng.

Utøvar av denne sporten må serleg ivareta sin eigen trygging gjennom vurdering av risikomoment ved utøving av "off pist"- aktivitetar

Kursing og informasjon til utøvarane bør ha høg prioritet

Sjå også freestyle for nye konkurranse former.

## **10. PRODUKSJON OG PREPARERING AV SNØ**

**Dagens situasjon:**

Anlegg for produksjon av snø er det ikkje mange av i Hordaland.

Totalt er det berre 2,5 anlegg med kunstsno i kretsen på fylgjande stader:

- Alpint, Bavallen Fylkesanlegg  
Anlegget kan og produsera snø til freestyle og skileikanlegg i Bavallen, og deler av hoppbakken Bavallen K-90
- Alpint; Eikedalen Skisenter (ca.50 %)
- Langrenn, Palmafossen /Bømoløypa, produksjonsanlegg for snø i skileikanlegg og 2 km langrennsløype med lys
- Eit firma på Voss, HVM, har utvikla eit utstyr for produksjon av snø basert på bruk av jordbrukstraktor som egner seg godt for både langrenn, mindre hoppbakker og alpinanlegg.  
Sikker vassforsyning må leggjast fram til skianlegget.

Det er i dag mange anlegg rundt som slit med snømangel. Det som har vore spesielt siste åra er at dei snøsikre områda ikkje har fått snø før i månadsskifte januar / februar.

Dette er med og gjer prioriteringa og utfordringane endå større

### **Behovet:**

Det er stort behov for å få bygd produksjonsanlegg for å sikra rekrutteringa og stabiliteten i skisporten i Hordaland

Anleggsutvalet i skikretsen må vera ein pådrivar i arbeidet med å planleggja og leggja til rette for lag/anleggseigarar.

### **Plan:**

Det må byggjast minst 1 produksjonsanlegg for snø i kvar "Region" av skikretsen.

Det vil bety svært mykje for å kunne utvida sesongen. samt å kunne auka rekrutteringa i heile skikretsen

I tillegg til dette er prepareringsutstyr i anlegga viktig for å kunna utnytta investeringa og forventningane.